



## SAK 71-11 TILSKOT TIL YRKESMESSA 2012

### Saksopplysning

Hallingdal har arrangerte yrkesmesse sidan 2000, stort sett annan kvart år. Siste yrkesmessa var i 2010 (vedlegg 2), og yrkesmesse for 2012 er no under planlegging.

For Hallingdal er eit av måla med yrkesmessa å synleggjera kvalitetane og mogelegheitene betre. Yrkesmessa er ein av innfallsvinklane som regionen går saman om og skal vera med å gje ei samla oversikt over utdannings-, fagopplærings- og yrkestilbod i Hallingdal. Messa skal hjelpe til med å informere og bevisstgjere elevane om dei val dei kan, eller må gjere i forhold til sine interesser og ynskjer. Yrkesmesse skal vere næringslivet/bedrifter/skular sin presentasjon av sine yrker og utdanningar. "Bransjane" inviterast til å vise sitt mangfald, og i samarbeid med utdanningsinstitusjonar og enkeltbedrifter kan dei og vise utdanningsveg gjennom utdanning og lærlingordningar.

I Strategisk plan for Hallingdal og handlingsprogrammet for 2012 er yrkesmessa eit konkret tiltak. Yrkesmessa 2012 er planlagt til 26 – 27. januar 2012, sjå vedlegg 1. Yrkesmessa går over to dagar med ca. 500 elevar kvar dag.

### **Budsjett yrkesmessa**

#### Kostnader

• Prosjektleiar, eigeninnsats	kr. 70.000
• Transport	kr. 55.000
• Informasjon, marknadsføring	kr. 5.000
• Leige av lokalar, inkl. mat	kr. 230.000
• Leige av utstyr, deleveggar	kr. 50.000
• Div.	<u>kr. 10.000</u>
SUM	<u>kr. 420.000</u>

#### Finansiering

• Regionrådet	kr. 40.000
• Partnerskapsavtale Regionrådet - fylkeskommune	kr. 210.000
• Norsk Industri	kr. 100.000
• Eigeninnsats	<u>kr. 70.000</u>
SUM	<u>kr. 420.000</u>

Det som m.a. er spesielt for yrkesmessa i Hallingdal er at næringslivet ikkje betalar for standplass. Men for 2012 går Norsk Industri inn med kr. 100.000 i støtte.

I tillegg yter Storefjell Høyfjellshotell ein stor innsats med tilrettelegging, og der yrkesmessa disponera heile utstillingshallen. Godgjeringa er i hovudsak betaling av lunsj til ungdommen.

### Vurdering

Ungdommen er den viktigaste ressursen i det framtidige Hallingdal. Me treng ungdom som kan og vil omstille og nyskape ut frå eigen kompetanse og ut frå lokale ressursar og behov. Samstundes blir Hallingdal tappa ikkje berre for akademiske ressursar, men òg for fagutdanna arbeidskraft.



	I alt	0-5	6-15	16-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-66	67 og eldre
Innanlandske flyttingar til Hallingdal	605	67	69	28	180	123	53	41	24	20
Innanlandske flyttingar frå Hallingdal	688	43	57	55	265	121	83	40	12	12
Nettoinnflytting Hallingdal	-83	24	12	-27	-85	2	-30	1	12	8

*Innenlandske flyttingar til/frå Hallingdal fordelt på aldersgrupper, 2010*

Hallingdal har til dels store utfordringar i forhold til å sikre stabil arbeidskraft og er ein av regionane landet som har lågast arbeidsløyse. Det kan vera vanskar med å rekruttere arbeidskraft med fagutdanning og utdanning på høgare nivå. Dette er ein trussel i forhold til både dei offentlege tenestene og utviklinga av næringslivet.

For Hallingdal er eit av måla å synleggjera kvalitetane og mogelegheitene betre. Yrkesmessa er ein av innfallsvinklane som regionen går saman om. Felles innsats frå næringslivet, ressurs-/kompetansesenter og det offentlege er avgjerande for å lykkast. Me veit at mange unge ofte har liten kjennskap til dei mogelegheitene dei har for arbeid i lokal arbeidsmarknad. For seint blir ungdommen klar over at dei utdanningsval dei har teke, gjer det vanskeleg å busetja seg i regionen. Paradokset er at det finns bedrifter som ikkje får rekruttert arbeidskraft, samtidig som ungdommen ikkje er klar over kva behov næringslivet har.

Med eit auka samarbeid mellom ungdom, skule og næringsliv vil ungdommen og skula få auka kjennskap til næringslivet og utdanningsmoglegheiter vil kunne bli tydelegare.

Samspelet mellom utdanningssystemet og næringslivet blir stadig viktigare for nyskaping og innovasjon. Det er derfor viktig at det blir utvikla tettare koplingar mellom utdanningsinstitusjonar og næringsliv på alle nivå.

Det er eit mål at skula må bli endå meir fokusert på lokalt næringsliv, slik at rådgjeving og opplæring i sterkare grad kan tilpassast og samarbeidast opp mot det lokale næringsliv.

Med bakgrunn i drøftingar som har vore mellom ungdomsskulane, dei vidaregåande skulane i Hallingdal, Regionrådet for Hallingdal, næringslivet og opplæringskontora er det ikkje tvil om at dette er eit prioritert og positivt tiltak.

### **Forslag til vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 40.000 til gjennomføring av yrkesmessa 2012
2. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 210.000 til gjennomføring av yrkesmessa 2012, med finansiering frå partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2011.

Ål 13.12.2011

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg 1: Invitasjon og program for yrkesmessa 2012

Vedlegg 2: Yrkesmessa 2010, artikkel Hallingdølen



# YRKESMESSE 2012

*-eit steg nærare draumen*

***Invitasjon til deltaking på YRKESMESSE i Hallingdal  
26.-27. januar 2012***

***på Storefjell Høyfjellshotell***

No er det snart tid for ny yrkesmesse i Hallingdal.

Målet med yrkesmessa er å gje ei samla oversikt over utdannings-, fagopplærings- og yrkestilbod i og utanfor Hallingdal, og til å informere og bevisstgjere elevane om dei val dei kan, eller må gjere i forhold til sine interesser og ynskjer.

For å få til ei god yrkesmesse er me avhengig av eit positivt næringsliv, opplæringskontor og høgskuler/fagskuler.

Yrkesmesse 2012 skal vere næringslivet/bedrifter/skuler sin presentasjon av sine yrker og utdanningar. "Bransjane" inviterast til å vise sitt mangfald, og i samarbeid med utdanningsinstitusjonar og enkeltbedrifter kan dei og vise utdanningsveg gjennom utdanning og lærlingordningar.

Det er eit mål at Yrkesmesse 2012 skal vere ei aktiv messe. Dei besøkjande skal ikkje berre møte skriftleg og munnleg informasjon, men sjå og kanskje prøve, nokon av dei arbeidsoperasjonane og det utstyr som finst innanfor kvar bransje.

Dato for yrkesmessa er 26. og 27.januar 2012 på Storefjell Høyfjellshotell, Golsfjellet.

***Håpar dette er noko de vil prioritere og vere med på?***

Sender med påmeldingsskjema og praktisk informasjon om messedagane.

Eg må ha tilbakemelding om de blir med innan **15.12.11**

Er det spørsmål kan de nå meg på:

Tlf: 32 08 54 33

Mob.tlf: 90 54 77 30

E-post: [eli.torpe@c2i.net](mailto:eli.torpe@c2i.net)

Mvh

Prosjektleder for Yrkesmesse2012

*Eli Torpe-Rullestad*



**Halvsunt:** Malene Johansen (t.v.) kunne by på flambert frukt. Helene Øynebråten (f.v.) Siri Vestenfor, Frida Grønseth og Victoria Føllesø fulgte nøye med.



**Politimenn:** Dei tre unge holingane kan godt tenkje seg å bli politi. Frå venstre: Knut Almås Anfinset, Arnstein Skår, Abdi Isak, Sondre Tragethon og Gaute Drange.



**Høgdeskrekk:** Niandeklassingen Anette Flaget frå Hemse-dal klatra høgt i stolpen på Hallingdal Kraftnett sin over-dåige stand, trass høgdeskrekken sin.

# Ivrig ungdom på y

Tusen elevar var på utdanningsmessa på Storefjell. 31 standar lokka med godbitar. Blodsukkeret vart farleg høgt.

**Embrig Rudningen**  
er@hallingdolen.no

Torsdag og fredag var sjette gongen kommunane i Hallingdal, gjennom regionrådet, heldt utdanningsmesse på Storefjell. Ho har vore halde annakvart år sidan oppstarten. Åttande- og niandeklasse frå heile dalen var der torsdag. Fyrste- og andreklassingar frå vidaregåande fredag. 1000 elevar til saman, pluss rundt 200 andre interesserte på kveldstid torsdag.

Bortimot 40 bedrifter, opplæringskontor og skular, lokka ungdommane til seg. Med sukkertøy, konkurransar med gjæve premiar, gromt utstyr og spektakulære aktivitetar.

Sjukebil, brannbil, politibil, kranbil, lastebil, snøskuter, lasergevær, motorsag og luftputebåt.

Så forskjellige bransjar som rekneskapskontor, bilverkstad, industri og skogbruk var representerte. Det er gratis å ha stand der. Men prosjektleiar Eli Torpe Rullestad sakna byggebransjen, bank og mediebedrifter.

## Blodsukkertopp

– No har blodsukkerverdien gått ned til 6,1. I stad var han på 7,2. Det normale er mellom fire og sju, seier Mai Åse Nestegard.

Ho målar blodsukkerverdien til niandeklassingen Sindre Rotegård frå Nes. Blodsukkermåling var blant fleire ting helsesektoren baud ungdommen på. Nestegard stadfesta at det var sær høgt sukkerinntak blant dei håpefulle.

– Me går rundt og ser på alt, og har nok ete ein del godteri òg, seier Nils Olav Smestad.

Ingen av dei tre unge nesningane planlegg ein karriere innan helsevesenet.

## Lastebil

Ved sida av stod ein diger lastebil. Fire ålingsjenter tykte det var gjævt å koma inn i førarhu-



**Høge verdiar:** Mai Åse Nestegard (t.h.) seier ho har målt høge blodsukkerverdiar etter sukkrefesten blant ungdommen. Her er det nesningane Tony

set. Ingen av dei såg for seg nokon karriere som yrkessjåfør, men var interesserte:

– Kan ein bli lei av å køyre lastebil? spør Helga Myhr.

– Høyrer sjåførar mest på lydbok eller radio? spør Hanna Therese Bekkestad.

– Ein kan bli lei dette som alt

anna, men det er eit fritt og fint yrke. Og eg trur det går mest i P1, svarar Jack Johansen frå sideglaset, han er opplæringskonsulent.

– Me har vore og sett på frisorutdanninga, sjukepleiar og kokkeavdelinga. Det har vorte ganske mykje drops òg, seier Stine Medgard.

Ei tid etter besøket i kokkeavdelinga vart blodsukkeret hennar målt til 8,1. Det normale er altså 4-7.

## Seriøs ungdom

Fire hotell og Gol vidaregåande skule representerte hotell-, service- og næringsmiddelfaga. Dei

slo på stortromma og ville gjerne informere om det nye fireårige løpet som Hallingdølen har skrive om tidlegare. Sjokoladefontene, wok og flambert frukt var berre noko av det dei serverte.

Men ungdommen var ikkje berre ute etter gratissaker og konkurransar. Dei spurde og



**Seriøs:** Eivind Reime (t.v.) «intervjuer» energi- og montør Ståle Berg på Hallingdal Kraftnett sin stand.



**Lastebil:** Erik Lysenstøen (t.v.) leier sjåførutdanninga på Hønefoss. Her med ålingsjentene Stine Medgard (f.v.), Saredo Farah, Helga Myhr og Hanna Therese Bekkestad.



**Får behandling:** - Me sparar sjukehusa for liggedøgn, seier lege Ståle O. Sagabråten mens Halvor Rotegård får den hjelpa han treng. Bioingeniør Ellen Marie Tørrisplass overvaker blodtappinga.

# Yrkesmesse



Hammer (f.v.), Nils Olav Smestad og Sindre Rotegård som er innom.

grov rundt om kring. Over 100 personar var til dømes innom Mattilsynet sin stand, som vil ha folk til å studere til veterinær eller ingeniør.

Eivind Reime frå Nes gjorde regelrette intervju med representantar frå yrke han var interessert i. Energimontør

Ståle Berg i Hallingdal Kraftnett svara villig. Dei hadde den mest overdådige standen. Stolpeklatrung og tonnevis av materiell.

- Me er glade for at folk kjem og spør. Det blir eit stort behov for folk hjå oss framover, seier Ståle Berg.



**Sjef:** Eli Torpe Rullestad sakna byggebransjen, media og bankane.

## - Sjå til Hallingdal

Han får sjukehusbehandling på legekantoret. - Eg føler meg like trygg her, seier Halvor Rotegård.

**Arne O. Lindahl**  
aol@hallingdolen.no

Bioingeniør Ellen Marie Tørrisplass har funne blodåra.

- Eg blir tappa for blod fordi jernlageret er for høgt, forklarar Rotegård.

Hadde han vore knytt til eit legekantore i ei bynært område måtte han på eit sjukehus for å få den same behandlinga. No sparar han i staden ein heil dag med å reise til og frå sjukehuset.

- Det er veldig kjekt for meg, seier Rotegård.

- Dette er samfunnsøkonomisk veldig gunstig. Og så er det krydder i kvardagen for oss, seier kommunelege Ståle O. Sagabråten.

### Langt framme

Behandlinga som Rotegård får på legekantoret i Nesbyen, er eitt eksempel på at Hallingdal ligg langt framme. I tillegg har hallingane sjukestugu på Ål der dei kan få spesialbehandling. Direktør Unn Teslo ved Ringerike sjukehus omtalar Hallingdal som eit nasjonalt fyrtårn i omstillingsarbeidet som no foregår i samband med samhandlingsreforma. Ståle O. Sagabråten seier at legekantora i heile Hallingdal lenge har drive med behandling som

ein vanlegvis ville ha tilvist til sjukehus.

### Lange avstandar

- Me har eit større «repertoar» enn vanleg ved behandling og utgreiing av skade. Det må ikkje gløymast midt i arbeidet med eit lokalmedisinsk senter i Hallingdal, seier han.

Det er den lange avstanden til sjukehus som gjer at dei lokale legekantora gir eit breiare tilbod. Sagabråten nemner to eksempel; behandling av handledsbrot og at pasientar på sjukeheimen kan få intravenøs behandling ved infeksjonar og dehydrering.

- Me kan ta røntgen, me har ultralyd og EKG. Me kan utgreie pasienten meir før han blir sendt til sjukehus, seier Sagabråten.

Han understrekar at det også er eit tett samarbeid med helse- og omsorgstenesta i kommunen.

### Sparar liggedøgn

Føremålet med samhandlingsreforma er at pasientane skal få betre behandling der dei bur.

Målet er at meir av behandlinga skal flyttast ut til kommunane.

- Hallingdal ligg allereie langt framme. Pasientane får fullgod behandling nær heimstaden her. Me brukar sjukehusa på ein annan måte, og sparar dei for liggedøgn. Eg synest det er merkeleg at ikkje sentrale helsebyråkratar og politikarar dreg til Hallingdal for å hente erfaring. Eg vil seie det slik: Sjå til Hallingdal, seier Ståle O. Sagabråten.

## Goling råkøynde

Ein goling vart teken i 124 km i timen.

Det skjedde på den nye vegparsellen på E134 ved Skui i Bærum før jul der fartsgrensa er 80 km i timen.

Han forklarte i retten at han vart pressa til å auke farten då han skulle køyre forbi ein bil i venstre fil. Han erkjende å ha køyrt så fort som

politiet si måling viste, men fordi han følte seg dårleg behandla av politimannen som stoppa han, vedtok han ikkje førelegget.

Hallingdal tingrett dømde mannen, som er yrkessjåfør, til å betale ei bot på 10.000 kroner, i tillegg mista han førarretten i seks månader. Påtalemakta kravde at han mista førarretten i ni månader.